

Etter opne møte om Voldatunnel i Aasen-tunet:

- God gli for bompengar

Ope møte om samferdsle i Aasen-tunet: Jan Stavik i Vegvesenet kom med klar tale tysdag kveld. Voldatunnelen har blitt skubba ut av den aktuelle lista, og stemnar politikarane fram som no vil den tidlegast bli teken inn i det gode selskap att i perioden 2018–2027. Derned fekk viljen til bompengar ein dytt i baken og ein kunne spore meir ja-stemning enn tidlegare.

Det var under det opne møtet som rotaryklubbane i Volda og Ørsta arrangerte at Stavik kunne leggje fram klar tale frå Statens vegvesen. For ein nesten fullsett sal forklarte han grundig om realitetar kring satsinga på E39 og realitetar slik Statens vegvesen ser på det.

Nei til bompengar

Fra at Voldatunnelen har vore aktuell for Nasjonal Transportplan (NTP) 2014–2017 har den blitt flytta til 2018–2027. Flyttinga skjedde med maktkoalisjonen i Volda sitt nei til bompengar. Men så har "Kippersundalternativet" blitt lagt på bordet, som har blitt fronta av Volda venstre. Prosjektet vert lansert som ein "By-pakke".

Lettare med plassering av bom
Jan Stavik, som er seniorrådgjevar i strategistaben ved Statens vegvesen, peika på at når det gjeld plassering av bom på eit vanleg bomvegprosjekt skal bommen stå i prosjektet. I Voldatunnelen ville det bety i eller ved tunnelen. Når det gjeld ein "bypakke" så er det



* Innleiarane sette seg i panelet. Fv: Voldaordførar Arild Iversen, ørstaordførar Rune Hovde, seniorrådgjevar i strategistaben hos Statens vegvesen Jan Stavik og ordstyrar Steinar Rishaug.

opnare kvar bommen skal plasserast. Ein kan dermed tolke Stavik dit at plassering av bommar som i "Kippersund-alternativet" kan vere aktuelt.

- Gamleordføraren gav signal om bompengar

Det er Volda kommune som må be Vegvesenet om å vurdere ei bomløysing. Stavik fortalte at den førre ordføraren, Ragnhild Aarflot Kalland, hadde kome med klare signal om at det var snakk om bompengeløysing på Voldatunne-

len.

- Dersom Volda ønskjer å utvikle hovudvegnettet i løpet av dei neste 20 åra er det nødvendig med bompengefinansiering og kommunen må starte planlegginga no. På grunn av signalene frå gamleordføraren har vi allereie prioritert prosjektet, men med dei nye signalene frå Volda har vi lagt det bort. Det er mange som ønskjer å kome med på lista, og vi tok med Volda fordi vi rekna det som sikkert at det var eit lokalt bompengeprosjekt, forklarte Stavik. I og med at

den nye maktkoalisjonen har gitt heilt klare signal om at Volda ikkje ønskjer bompengar har prosjektet blitt tatt ut. Stavik gav klart signal om at Volda hadde knapp tid på seg til å snu i bompengesaka. Absolutt siste frist for å kome med i perioden 2014–2017 for Nasjonal Transport Plan (NTP), er eit kommunalt vedtak om bompengar innan haust 2012.

Vil ta Kippersundalternativet vidare

Under møtet vart det mana til fellesmøte mellom Volda og Statens vegvesen. Eit møte det vart hevdat at Ørsta også burde vere med på. Ordførar Arild Iversen fortalte at han allereie hadde bedd om eit slikt møte og såg også verdien av

å ha med Ørsta.

Tidleg i det opne møtet hadde Iversen (KrF) kalla Kvivsvegen ein velsigning. Jørn Kippersund hadde utfordra voldaordføraren med at det ville vere eit grov synd om ikkje politikarane får bomsaka gjennom. Til slutt i møtet kom Iversen med ein lovnad som fekk spontanapplaus frå Jørn Kippersund.

- Eg vil ta med "Kippersundalternativet" til møtet med Statens vegvesen, sa Iversen.

Kippersund på si side hadde argumentert mellom anna med at utrykkingstida frå Volda sjukhus til Ørsta ville vere kritisk og at ein Voldatunnel ville redusere tida.

✉ TORE AARFLOT

Petter Bjørndal til Rune Hovde: - Ørsta må ta sjølvstendige val

- Vi skal respektere at Volda ikkje vil betale bompengar, men Volda må også respektere at vi kan meine noko anna, sa Petter Bjørndal etter at ørstaordføraren hadde sagt at valet om bompengar var Volda si sak.

Grunnen til Bjørndal sitt innspel er kort og godt at han meiner Ørsta må ha Voldatunnelen og at han er villig til å måtte betale bompengar til ein "bypakke". Bjørndal peika på kva Voldatunnelen kan utløyse og ikkje minst tok han fram Ørsta-fjordsambandet. Som er eit strategisk og svært viktig samband for Ørsta sin del.

I tillegg ville Bjørndal sende signal som plasserte dei på den

sikre sida når det galdt å behalde stamvegen gjennom området.

- Mange kjempar om E39, mellom anna Stranda og Sykkylven. Misser vi stamvegen er vi ille ute, sa han med klare signal om at ei naturleg vidareføring av stamveg gjennom Kviven skulle gå vidare gjennom Voldatunnelen. At det var opna for omkamp om E39 var han sikker på med å vise til Konseptvalutgreiinga.

Ikkje glad i bompengar

Ørstaordførar Rune Hovde (H), sa han ikkje var glad i bompengar og at han la vekt på å ha eit utstrekkt samarbeid med Volda. Bompenge-debatten i nabobygda ville han ikkje gripe inn i. Han sleit også med å stenge midt mellom Volda og Ørsta med bompengar. Men han sa også at han trudde på at det vart samling om Voldatunnelen.

Med bakgrunn i at ørstaordføraren akkurat har fått seg ny kaffimaskin, sende han eit signal om kor lenge han trur det går til Voldatunnel vert realitet.

- Når vi skal opne Voldatunnelen og Raudløysambandet, då skal eg kjøpe meg ny kaffimaskin.

Så spørst det kor kaffidirkande ørstaordføraren er og om han har fått seg ei slitesterk ei. (journ. merkn.)

Open for bompengar

I slutten av møtet konkluderte Hovde med at Voldatunnelen og Ørstafjordkrysset må leite etter løysingar saman. - Bompengar skal ikkje stoppe oss, men vi må finne kreative løysingar, sa han. Med tanke på bompengar sa han at vi gjer dette fordi vi må, ikkje vil.



* KrF-politikar i Ørsta Paul Kristian Hovden, får presisert med Jan Stavik kva fristar det er snakk om for å få Voldatunnelen inn i NTP for 2014–2017.

20 kr for lokaltrafikken

Jan Stavik frå Statens vegvesen, hadde tre alternativ til bompengavgift. I den eine gjekk han ut frå 100 % finansiering med bomavgift, noko han sjølv såg på som unrealistisk. Då ville ein få ei nedbetalingstid på 24 år og ei avgift på kr 40,- for gjennomgangstrafikken og ein rabattpris for dei som

køyrdde her ofte på kr 20,-.

Det andre alternativet gav dei same summane: kr 40,- og kr 20,-, men med 15 års nedbetalingstid.

Han hadde også eit forslag på 18 år som gav kr 50,- for gjennomgangstrafikk og kr 25,- for lokaltrafikk.

Ragnhild Aarflot Kalland (ex-ordførar) til ordførar Arild Iversen: - Vi treng Voldatunnelen no, varaordførar!



Latteren ljoma i Ivar Aasen-salen då ein kampklar ex-ordførar vende seg til ordføraren i Volda.

- Dette treng vi – og vi treng det no varaordførar, sa ex-ordføraren til ordføraren. Det var tydeleg vis alt for kort tid sidan ho steig ut av ordførarstolen til at ho hadde vendt seg til å omtale varaordføraren som ordførar.

Salen braut sjølv sagt ut i latter.

Orsak varaordførar ...

Då Aarflot Kalland vart obs på kva ho hadde sagt drog ho sjølv sagt på smilebandet og retta seg sjølv med ein gong, men også denne gongen vart ordføraren omtale som varaordførar ...

Latterbrøla frå salen vart sjølv sagt forsterka ...

Aldri vore meinings å isolere

Volda

Då ex-ordføraren endeleg kom seg i gang med innleget sitt, peika ho på kor viktig det var å behalde stamvegen gjennom Volda. Kre-



* Latteren ljoma i salen då ex-

ordførar i Volda, omtale sit-

tande ordførar Arild Iversen,

som varaordførar. Ikkje berre

ein, men to gongar.

den som ho hadde fått frå Statens vegvesen tok ho med seg og peika på at Voldatunnelen vart seinka då det nye formannskapet sette tommele ned for bompengar.

Roar Espset (FrP): Kan gå med på bompengar ...

Roar Espset meiner at FrP kan gå med på ei bompengeløysing.

Eit av fanepunkta til maktkoalisjonen i Volda var å seie nei til bompengar som rammar lokaltrafikken i Volda. Dette vart sett fram av FrP under pressekonferansen då koalisjonen i haust presenterte seg sjølv. I ettertid har vi sett at Venstre, som også er eit av koalisjonspartia, har lagt fram "Kipper-sundalternativet". Dette går på å lage ein lang bomstrekning, der all trafikk frå og med rundkjøringa i Furene til innkjøringa til Eiksundtunnelen skal betale avgift. Dermed må ein betale bomavgift om ein skal køyre frå

Volda til Ørsta, så framt ein ikkje køyrer om Berkneset eller over Krøvelseidet.

Etter møtet i Hovdebygda tysdag, stilte Møre Espset spørsmål om det er mogleg for partiet å vere med vidare i koalisjonen om dei skal gå vidare med bompengesaka og "Kippersundalternativet".

- FrP kan gå med på bompengeløysing på grunn av: * Her er omkjøringsvegar. * Om det kuttar ut ei ferjestrekning. * Med ei folkeavrøysting. Her er det ikkje snakk om å kutte ut ei ferje, her er omkjøringsvegar og det kan bli avgjort gjennom ei folkeavrøysting, sa Espset som ikkje ville argumenterte mot bompengar.